

**Fra:** Anni Sundal <anni.hagoy@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 3. mai 2021 02:14  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Retting av grense i matrikkelkartet gbnr. 332/2 og 332/1

Til sakshandsamar Morten Mangerøy Helland og overordna Tommy Veland.

Hei. Det enklaste for å få ei riktig grense er sjølv sagt at kommunen legg til grunn kartet i si heilheit som eg leverte kommunen tidleg i januar i år. Der står grensa mellom bruk 1 og 2 tydeleg oppteikna, så kommunen treng ikkje koma med forslag om kvar grensa går, bruk kartet.

Ser at kommunen brukar utdrag av dette kartet i 5 av dei 6 vedlegga i brev datert 15.04.21 om retting av grense, men i forslaget til ny grense brukar ikkje kommunen sjølve grensa som kartet viser.

Bed om at kommunen plasserer grensa mellom bruk 1 og 2 der omtala kart seier at grensa går.

Bed om at kommunen i si nye nedteikning til grense mellom bruk 1 og 2, teiknar inn seinare inngrep som Myravegen, Løevegen og vassverket sin tilknytingskum, som ligg tett ved/kryssar den omtala grensa. Eg ynskjer å sjå alt saman før matrikkelen vert retta, det er vel unødvendig å seia.

Bed om tilbakemelding i postmottak frå adressatane at denne e-posten er motteken før tidsfristen for merknader er gått ut.

Helsing Anni Sundal

PS. Der er mange andre måtar å visa kvar grensa går, men dei er arbeidskrevande og heilt unødvendige så lenge me har nøyaktige kart.